



Arkivsakid-doknr: 16/44-32
Journalpostid: 19/4407

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode
K1-033
Dato: 20.06.2019

Møtebok Eidfjord eldreråd 20.06.2019 kl. 10.00 – 12.00

Frammøte: Alle

Sak 65 Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

Sak 66 Status bygdaheimen

Margunn Lægreid var med på møtet og orienterte om framdrifta på bygdaheimen. Byggjinga er i rute og innflytting i omsorgsbustadene er klar i oktober. Det har vore travelt i byggeperioden, men med fleksible og tilpassingsdyktige medarbeidarar har det gått greit. Samhandlingsreforma byr på utfordringar med pasientar som treng ekstra ressursar og demensavdelinga stiller krav til fleire sjukepleiarar. Bygdaheimen har eit velfungerande kjøken, noko som er svært viktig for at bebuarane skal få ernæringsmessig forsvarleg og ikkje minst velsmakande mat. Det er stor søknad til ledige plassar så det er ikkje aktuelt å leiga ut rom til våre nabokommunar.

Sak 67 Turistbygda vår

Det er vanskjeleg å få sommarjobb for ungdomar. Ung i arbeid er avvikla for fleire år sidan og det er avgrensa kor mange som får jobb i privat sektor. Når ein ser på manglande vedlikehald av grøntområde i kommunen, burde ein kunne sysselsetja nokre her. Manglande vedlikehald av grøntområde og søppel som flyt i fjæra er ikkje god reklame for turistbygda Eidfjord. Eldrerådet vil skriva brev til kommunen der me meir spesifikt vil ta opp punkt som har forbettringspotensiale.


Trafikktryggleiken i sentrum kan verta betre. I svingen Rv 7/ Lægreid børe det vera både fartsdump, nedsett fartsgrense til 40 km/t og fotgjengarovergang. Her er det stor trafikk av turistar som kryssar vegen på eit farleg strekke. Eldrerådet vil be kommunen ta opp denne saka med Statens vegvesen slik at det fortast mogleg vert gjennomført trafikktryggleikstiltak.

Nest møte: 03.09.2019 kl. 09.00 – 11.00




Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Harald Næss

Marete Sæbø

Handwritten signature of Marete Sæbø in blue ink, written over a horizontal line.

Harald Næss

Handwritten signature of Harald Næss in blue ink, written over a horizontal line.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Handwritten signature of Glenn Wiik in blue ink.

Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok